

**Til Kulturdepartementet**

Felles høyrings svar frå fellesråda i Aust-Telemark og Vest-Telemark prosti, samt Heddal sokneråd, Lisleherad sokneråd, Eidsborg, Mo og Skafså sokneråd og Høydalsmo og Lårdal sokneråd

**Staten og Den norske kirke - et tydelig skille**  
Høyringsfrist 1.november 2014

31.10.2014



### **Om høyringssvaret**

Dette høyringssvaret er eit felles svar frå fellesråda i Aust-Telemark og Vest-Telemark prosti, Heddal sokneråd, Lisleherad sokneråd samt sokneråda høyrande inn under Tokke kyrkjelege fellesråd. Desse to prostia vil frå 1.1.15 bli slått saman til eitt prosti kalla Øvre Telemark prosti. Alle fellesråda står bak dette svaret, men nokre av fellesråda har lagt ved eit tilleggssvar. Slik meiner vi at vi møter framtida med auka samarbeid, samtidig som vi har fokus og respekt for lokalkyrkjias rett til sjølvstende. Tilleggssvara fylgjer som vedlegg til dette dokumentet.

### **Innleiing**

Departementet har sendt ut eit høyringsnotat med forslag om endringar i kyrkjelova. Dei lovendringane som blir foreslått er å forstå som første skritt i vegen mot å gi kyrkja større sjølvstende. Fellesråda takkar for moglegheita til å si vår meining i dette viktige arbeidet, og støtter arbeidet med eit tydelegare og ryddigare skille mellom kyrkja og staten. Vidare støtter fellesråda dei tre føresetnadane som er lagt til grunn for forslaget:

- Grunnlovas § 16 ligg fast
- Den norske kyrkja skal fortsatt finansierast over offentlege budsjett
- Soknas rettslege og økonomiske sjølvstende skal førast vidare

Det er eit uttalt mål at kyrkjias organisering og fordeling av mynde i større grad kan vedtakast av Kirkemøtet etter reformfase to. Med tanke på at kyrkja sjølv må etablere sine egne system og organisering da er det viktig å unngå at ordningar som etablerast no legg for sterke føringar for dei løysingar som kyrkja sjølv skal velje om nokre år.

### **Kyrkjias rettslege forhold**

Fellesråda gir på generelt grunnlag støtte til to av dei viktigaste momenta i høyringa; oppretting av kyrkja som eige rettssubjekt og overføring av arbeidsgjevaransvaret for aktuelle yrkesgrupper til dette rettssubjektet. Fellesråda foreslår at Kirkemøtet opptre på vegne av rettssubjektet.

### **Lokalkyrkjias (soknets) sjølvstende**

Fellesråda er positive til føresetnadane som blir lagt til grunn for høyringa når det gjeld omsynet til offentlig finansiering og vidareføring av soknas rettslege og økonomiske sjølvstende. Som eit viktig organ for den lokale kyrkja ser fellesråda at forslaget kan innebere ei styrking av kyrkjias nasjonale og regionale organ. Ei slik endring av balansen mellom lokale, regionale og nasjonale organ har potensial til å redusere dei lokalkyrkjelege organas betydning og innverknad. Fellesråda vil difor be departementet vere merksame på dette misforholdet og i større grad opne for overføring av mynde og økonomi også til lokalkyrkjelege organ.



### **Om prestetenesta**

Felleråda støtter intensjonen i lovforslaget om å verne om presteskapets sjølvstende i forhold til ivaretakinga av ordinasjonsforpliktingane og –rettane gjennom personleg ansvar og kall og som innehavar av det kyrkjelege embete. Vi vil likevel poengtere at det i framtidas kyrkje er viktig å holde saman dei ulike tenestene og stimulere til samhandling, og at det er kyrkja sjølv som fastsetter/vedtek både tenesteordning og ordinasjonspliktar i den nye kyrkjeordninga. Vidare vil det i denne samanheng vere viktig at sjølvstende til presteteneste som blir utført hos eller med annan arbeidsgjevar enn Den norske kyrkja, blir verna spesielt.

Når det gjeld forslaget om oppretting av ei klagenemnd som også omfattar disiplinærvedtak meiner felleråda at det er uheldig at det er ulike system for dette i kyrkja. Disiplinærvedtak bør gjerast av ansvarleg arbeidsgjevar, og ein bør ha dei same spelereglane for alle tilsette i kyrkja. Arbeidsmiljølova og vanlege spelereglar i arbeidslivet bør kunne ivareta alle dei tilsette i kyrkja.

Felleråda støtter forslaget om lovbestemt prest i kvart sokn, men meiner at ein ikkje må "lukke" soknet for fleire prestar, slik forslaget gjer med prostiet og bispedømmet.

### **Diakoni**

Ei levande folkekyrkje treng og at kyrkjas diakonale teneste blir sikra og styrka. Diakonien er så viktig for folkekyrkjas framtid at den også bør få ein lovmessig forankring på line med prestetenesta. Sjølv om prestetenesta og har diakonale element, er den sjølvstendige, profesjonelle diakonitenesta så viktig at den bør bli lovfesta. Ein mogleg lovformulering kan vere: *I kvart sokn skal det vere teneste ved diakon.*

### **Omstillingsmidlar**

Vi vil poengtere behovet for at kyrkja tilførast nødvendige midlar til omstilling. Reformarbeidet kjem i tillegg til dei ordinære, administrative og driftsmessige oppgåvene. Departementet ynskjer ein rask og omfattande prosess. Vi støtter tempoplanen, men all erfaring syner at endringar i og av organisasjonar er kostnadskevjuande. For å unngå at nødvendige kyrkjelege oppgåver nedprioriterast for å finansiere reformarbeidet, må dette arbeidet må finansierast med friske midlar frå staten.

### **Vegen vidare (framtidig finansiering)**

Vi vil signalisere at ein framtidig landsdekkande folkekyrkje må sikrast ein god finansiering der tilskot frå det offentlige ligg til grunn for verksemda. Ein eventuell overgang til individuell medlems- eller livssynsavgift/ skatt bør utformast slik at det ikkje ligger noen økonomisk gevinst i å melde seg ut av livssynssamfunn.

Helsing frå

**Felleråda i Nome, Sauherad, Bø, Notodden, Hjartdal, Tinn, Seljord, Kviteseid, Fyresdal, Nissedal, Tokke og Vinje samt Heddal sokneråd, Lisleherad sokneråd, Eidsborg, Mo og Skafså sokneråd og Høydalsmo og Lårdal sokneråd**



## Felles høyringsvar frå fellesråda i Aust-Telemark og Vest-Telemark prosti

*Staten og Den norske kirke – et tydelig skille*

Vedlegg 1: Tillegg frå Tinn kirkelige fellesråd

Tinn kirkelige fellesråd ønsker en snarlig avklaring av OVF sin posisjon!